


TIL FØRESETTE MED BARN PÅ 8.TRINN

FAU og leiinga ved ungdomsskulen har inngått eit samarbeid med Sterk&Klar, eit førebyggingsprogram drive av IOGT i Noreg med støtte frå Helsedirektoratet. Formidlarar frå Sterk&Klar vil kome til skulen din for å halde foredrag om foreldrerolla, ungdomstid, rusmiddel og psykisk helse.

Målet med Sterk&Klar er å gjere deg tryggare i foreldrerolla. Vi ønskjer å gje deg kunnskap og verktøy som kan betre dialogen med ungdommen din. Vi kallar foredraga våre foreldretreff, fordi vi legg til rette for samtalar mellom foreldra om tema som blir tekne opp. Programmet består av fire foredrag, der talet på foredrag og tidspunkt for foredraga blir tilpassa skulens behov.



I foredraga baserer vi oss på oppdatert forskning og lokale ungdatatal for å beskrive ungdomars levekår i ditt nærmiljø. Samfunnsvitar og seniorrådgjevar på rusfeltet, Arne Klyve, og barne- og ungdomspsykolog, Kirsten Resaland, er faglege rådgjevarar for programmet.

Sterk&Klar har også ein podcast som heiter nettopp «Sterk&Klar». Der inviterer vi dyktige fagpersonar til å snakke om tema som kan vere nyttige for deg som føreset. Du finn podcasten på plattformer som [Spotify](#) og [Apple](#).

Meir info om programmet finn du på vår nettside <https://www.sterkogklar.no/>

Om du har spørsmål eller ønskjer meir informasjon, ta kontakt med prosjektleiar på telefon: 476 12 591 eller på e-post: sterkogklar@iogt.no.

Med vennleg helsing

Sigrun Stenersen Espe,
prosjektleiar i Sterk&Klar